



Til
Kunnskapsdepartementet
Post 8119 Dep.
0032 Oslo

Dykkar ref.
12/3854

Vår ref.
Klikk her og skriv

Dato
23.11.2012

Høyringsuttale: forskrifter om rammeplanar for lærarutdanning 8-13

Kunnskapsdepartementet har sendt ut på høyring framlegg til forskrifter om rammeplanar for fem lærarutdanningar. Høgskulen i Volda har valt å kommentere forslag til:

- ♦ Praktisk-pedagogisk utdanning 8-13
- ♦ Praktisk-pedagogisk utdanning yrkesfag 8-13.
- ♦ 3-årige faglærar-utdanningar i praktiske og estetiske fag

Høgskulen i Volda ser at Kunnskapsdepartementet er opptatt av kvalitetsheving av lærarutdanningane på alle nivå. Det som er viktigast for oss å få fram i denne prosessen er at dette må gjerast på ein slik måte at ikkje utdanninga av lærarar til ungdomssteget blir skadelidande. Vi må framleis satse på to likeverdige utdanningsvegar: integrert grunnskulelærarutdanning og fagstudium med påbygging av pedagogisk utdanning. Alle reformer av utdanningsnivå og opptakskrav må gjelde begge på same tid, for at ikkje den eine skal bli ramma og nedbygd. Særleg vil vi framheve at fagutdanning har fungert svært godt som kvalifisering av norske lærarar på ungdomssteget. Norske skular treng i dag ikkje færre men fleire fagspesialistar på dette nivået.

Praktisk-pedagogisk utdanning for trinn 8-13

§ 6 Opptak

Rammeplanutvalet foreslår nytt krav for opptak: to skulefag med karakteren C eller betre, eitt av dei på mastergradsnivå. Departementet peiker sjølv i høyringsbrevet på ressursproblematikken: berre 450 av fjorårets 1851 kandidatar oppfylte kravet. Det er ei svært radikal omlegging å stenge ute 75 % av dei som i dag utdannar seg til lærarar med bachelorgrad/enkeltfag og PPU. Og det i ein situasjon der prognosane peikar på stor lærarmangel i komande tiår, sjølv om noverande utdanningskapasitet vert halden oppe.

Høgskulen i Volda har i dag 90 studentar i PPU, og ca. 70 pr. kull i GLU. I perioden 2000-2012 har vi uteksaminert 943 allmennlærarar og 876 lærarar med skulefag pluss praktisk-pedagogisk utdanning. Dette viser for det første at dei to utdanningane hos oss rekrutterer i like stor grad til skuleverket.

For det andre viser våre tal at dei lærarane vi utdannar i hovudsak går til skulane i regionen. Av dei som vart utdanna med PPU i perioden 2005-2008 (4 kull) gjekk 87 % ut i lærarstilling, og 73 % av desse i Møre og Romsdal. Det same mønsteret ser ein hos søkarane: berre 64 av dei 272 søkarane våren 2011 kom frå regionar utanfor nærområdet: Møre og Romsdal og Nordfjord.

Berre ca. 10 % av PPU-studentane våre i 2004-13 har hatt mastergrad. Vi ser difor at det kan verte ei utfordring for høgskulen å halde oppe tilbodet om undervisning i fagdidaktikk etter 2018. Konsekvensen av å bygge ned det regionale PPU-tilbodet vil vere dårleg tilgang til nyutdanna lærarar for 8-13 i distrikta. Høgskulane leverer i dag i stor grad til eigen region. Dette blir stadfesta av nye forskingsresultat som viser at 50 % av studentar utanfrå, og dei fleste av dei som høyrer heime i regionen, tek arbeid der dei første åra etter utdanning. Medan dei fleste av dei som reiser ut ikkje kjem tilbake (sjå Heggen og Gythfeldt (2012) *Er høgskolene regionale kvalifiseringsinstitusjoner?*) Skulesektoren på Vestlandet og i andre regionar ville få store problem om høgskulane ikkje lenger leverte fag- og pedagogisk utdanning på bachelornivå.

Desse høgskulane kan i dag i liten grad tilby mastergradar i skulefag. Då står vi att med om lag halvparten av dei lærarane vi utdannar i dag, stort sett berre GLU-utdanninga. Det er også denne lærarutdanninga som i dag diverre slit med å fylle studieplassane, medan PPU-utdanninga har ventelister. Og det er ikkje rimeleg å tru at dei som i dag ynskjer å studere fag, og så i etterkant utdannar seg til undervisningsstilling, i framtida vil søke grunnskulelærarutdanning.

Det blir lagt opp til to tiltak for å avhjelpe problemet som oppstår ved innføring av mastergradskrav. Rammeplanutvalet sitt tiltak for å redusere ressursproblemet er overgangsordning i opp til fem år. Men ei overgangsordning er ikkje nok når problemet er nedlegging av ei velfungerande utdanning.

Departementet sitt tiltak i høyringsbrevet er to unntak frå mastergradskravet: for kunstfaga og for realfag/teknologi. Men dette løyser berre litt av problemet. Behovet for fagkompetanse på ungdomssteget gjeld i høg grad også språk og andre fag. Også her er det vanskeleg i dag å rekruttere nok kvalifiserte lærarar.

Krava til undervisningskompetanse bør ikkje vere strengare for PPU-vegen enn for GLU-løpet. Dersom 60 studiepoeng i eit fag kvalifiserer til undervisning i ungdomsskulen med GLU 5-10, blir det ulogisk å krevje mastergrad som inngangsbillett for PPU. Slik det er foreslått vil ein som har 90 studiepoeng engelsk fagstudium ikkje vere kvalifisert for undervisning i ungdomsskulen, medan ein som har GLU med 60 studiepoeng vil vere det. Dette er anten ulogisk tenkt, eller ein medviten nedbygging av fagutdanning.

Framlegget frå rammeplanutvalet er eit eksempel på at det beste kan bli det godes fiende. Ein ynskjer topp kompetanse for alle, men i røynda fører det til fleire ufaglærte lærarar i distrikta. Slik situasjonen er i dag er det mange som underviser utan utdanning; og vi har sett at ein del av desse heller ikkje greier å fylle opptakskrava til grunnskulelærarutdanninga slik at dei kunne kvalifisere seg. Når dette er realiteten er det ikkje rett tid å avskaffe ein god kvalifiseringsveg. Sjølv om ein kunne ønske seg høgare grads utdanning med minimum karakteren C i alle fag for alle som underviser i norske skular, inkludert grunnskulen, så let dette seg ikkje realisere på kortare sikt. Eit steg på vegen dit vil også vere høgre opptakskrav til GLU, som ville kunne få positive konsekvensar for statusen til profesjonen.

Norge går glipp av gode lærarar ved å nullstille den ordninga som hittil har levert kvalifiserte fagfolk, ikkje minst til ungdomssteget. Det har vi ikkje råd til. Lærarmangelen må avhjelpast ved å utdanne fleire med fagutdanning og PPU også til ungdomssteget.

§ 2 Læringsutbytte

Forskrifta manglar to mål som vi vurderer som sentrale i lærarutdanning. I den dels parallelle grunnskulelærarutdanninga for 5-10, finn ein desse formulert slik i forskrifta: «Kandidaten kan tilrettelegge for progresjon i de grunnleggande ferdighetene i opplæringen tilpasset elever på 5.–10. trinn. Kandidaten mestrer norsk muntlig, norsk skriftlig, både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng.» Desse måla er ikkje mindre aktuelle i ei lærarutdanning retta mot 8-13. Når det gjeld dei grunnleggande ferdighetene, har Kunnskapsløftet blitt kalla ei *literacy*-reform fordi den peiker på at desse grunnleggande ferdighetene er viktige for å lukkast i all læring i alle fag. Å lukkast innan eit fag handlar om at ein lærer å fungere språkleg adekvat innan ein fagtradisjon både munnleg og skriftleg, reseptivt og produktivt. Det handlar om å lære eit fagspråk for den aktuelle fagtradisjonen. Kunnskapsløftet er det første læreplanverket som er på høgde med desse grunnleggande språklege innsiktene. Forsking så langt, mellom anna av Frøydis Hertzberg, tyder på at dette er noko misforstått i ungdomsskulen og på vidaregåande – ein trur at grunnleggande ferdigheter har noko med begynnaropplæring å gjere, altså grunnleggande i tydinga elementærkunnskap. Ei forskrift for PPU som ikkje tar opp i seg dei grunnleggande ferdighetene, vil langt på veg vidareføre ei slik misforståing.

Forskrifta inneheld heller ingen krav om meistring av eige språk. I kommentarane argumenterer rammeplangruppa for at «[...] dette er dekt av opptaksreglementet». I alle lærarutdanningane, inkludert PPU, opplever vi at studentane treng både opplæring i, og læringsmål knytte til, meistring av eige morsmål i begge målformer. Uavhengig av opptaksreglement: Kvifor skulle ikkje opplæringsmåla for ei lærarutdanning for den høgre delen av grunnutdanninga (8-13) stille som mål at lærarkandidatane meistrar eige språk? Her opplever vi at utkastet til forskrift er i utakt med konteksten rundt skulen: praksislærarar, foreldre og andre aktørar er opptekne av at lærarkandidatane skal kunne modellere rett bruk av språket i sin profesjonsmessige kommunikasjon med elevar, foreldre, kollegaer og administrative einingar. Frå elevane sin synsstad: Bør ikkje elevane, som sjølve møter krav om god språkføring i begge målformer, møte lærarar som modellerer rett bruk av eige språk? Vi meiner at krav om dette i forskrifta både vil sikre kandidatane betre opplæring, og vere i tråd med dei krava samfunnet bør stille til lærarar i skulen. Dette bør òg gjelde for Praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag trinn 8-13

Praktisk-pedagogisk utdanning for trinn 8- 13 yrkesfag

§ 5 Opptak

Med omsyn til rekruttering av yrkesfaglærarar til vidaregåande skule kan det vere uheldig å stenge ute kandidatar med fagbrev med påbygging frå opptak i PPU etter 2016. Erfarne fagfolk med lang yrkespraksis vil kunne tilføre elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram mykje kompetanse og kunnskap innanfor yrket, og kan gjennom sitt nettverk legge til rette godt samarbeid mellom skule og yrket elevane vil utdanne seg til. Den gjennomsnittlege yrkesfagstudenten på PPU-utdanninga ved Høgskulen i Volda er over 40 år, med etablert familieliv, og ofte ikkje motivert for vidare utdanning i tre år langt frå heimstaden.

I dag er det berre to institusjonar som tilbyr yrkesfaglærarutdanning: Høgskulen i Oslo og Akershus og Høgskulen i Sør-Trøndelag. Vi foreslår at gjeldande opptaksordning til praktisk- pedagogisk utdanning for yrkesfag held fram til det er utvikla eit tilfredsstillande yrkesfaglærartilbod i distrikta, og at det i mellomtida vert lagt til rette eit etterutdanningstilbod slik at yrkesfaglærarar, med PPU, kan skaffe seg formell kompetanse i yrkesfagleg breidde.

3-årige faglærerutdanninger i praktiske og estetiske fag

HVO ser med interesse på planane for ei ny faglærerutdanning i praktiske og estetiske fag. Med utgangspunkt i regjeringa si satsing i Kulturløftet 2, vil vi understreke behovet for fagkompetanse innafør eit breitt kulturutdanningsfelt knytt til skule, SFO og kulturskule. På denne bakgrunnen er det viktig å gje ei utdanning som kan femne om heile utdanningsløpet frå 1. til 13. trinn, og som i tillegg kvalifiserer for formidling i kulturskule/frivillig sektor. Vi er samde i at mangelen på tilbod om utdanning i desse faga etter innføringa av GLU, gjer denne utdanninga spesielt viktig. Det bør leggjast opp til at studentane skal kunne ha praksis innafør alle skuleslag, inkludert kulturskulen. Vi vil, som rammeplanutvalet, streke under at dei nye faglærerutdanningane må finansierast i kategori D slik at dei kjem på linje med GLU.

Rammeplanutvalet tilrår at opptakskravet til faglærerutdanning i praktiske og estetiske fag blir generell studiekompetanse og minimum karakteren 3 i norsk. Det er peika på fleire grunnar til fastsetting av spesielt opptakskrav. Vi ser at det kan vere grunnlag for ei slik ordning, men vil då rå til at det blir opptaksprøver til desse utdanningane.

*

Departementet har vald å sende ut framlegga frå rammeplanutvala utan særlege endringar, for å få ei reell høyring. På dette grunnlaget ber vi om at departementet ikkje innfører mastergrad som opptakskrav på PPU før ein eventuelt også har innført dette nivået for grunnskulelærerutdanninga. Slik innføring må gå hand i hand med utvikling av fleire mastergrader i skulefag ved høgskulane, for å sikre tilgangen til kvalifiserte lærarar i distrikta for framtida.

Med vennleg helsing

Per Halse
Rektor

Marie Nedregotten Sørbo
Prorektor